

06/2012-06/2016

# Alkoholpolitiske retningslinjer

Hjartdal kommune

Vedteken av Kommunestyret 09.05.2012, sak 020/12

Revidert av Kommunestyret (pkt. 3) 17.10.2012, sak 071/12

## Innhold

1	<b>Målsetting</b> .....	3
2	<b>Løyver</b> .....	3
3	<b>Sals og skjenketider</b> .....	4
4	<b>Sakshandsaming</b> .....	5
5	<b>Gebyr for sals og skjenking</b> .....	5
6	<b>Kontroll og reaksjonar på brot</b> .....	6
7	<b>Evaluering og rullering</b> .....	7

## 1 MÅLSETTING

Formålet med alkoholloven av 1. januar 1998 med endringer av 1. juli 2005 er i størst mogleg utstrekning å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Dette er i tråd med kommunen sitt fokus på folkehelse.

Hjartdal kommune sitt overordna mål med alkoholpolitiske retningslinjer er at sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal skje på mest mogleg ryddig og kontrollert form i samsvar med alkohollova si målsetting.

## 2 LØYVER

Sals og skjenkeløyver er gyldig i 4 år og utløper 30.06 året etter siste kommuneval. Det må da søkast på nytt. Før vurdering av søknaden skal det innhentast uttale frå sosialtenesta og politiet jfr. Alkohollova § 1-7, 2.

I forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. av 08.06.05, nr. 538 inndelast alkoholhaldig drikk slik:

- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

### Salsløyve

Løyve for sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1) vert gjeve til daglegvareforretningar. Ved drivarskifte skal det søkast om ny bevilling.

### Skjenkeløyve

Alminneleg skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk ( gruppe 1, 2 og 3) kan gjevast til hotell/gjestgiveri, spiserestaurantar, pub og gardsturisme.

Alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent (gruppe 1 og 2) kan gjevast serveringsstader og kafeteriar som klårt skil seg ut frå gatekjøkken og kioskar.

For salsstadar i eller i tilknytning til alpinanlegg vil det ikkje gjevast løyve til sal eller utlevering av alkohol før kl 15.00 og berre inntil volumprosent 4,7 % (gruppe 1).

Gatekjøkken, bensinstasjonar og kioskar skal ikkje ha skjenkeløyve.

## Ambulerande skjenkeløyve

Ambulerande skjenkeløyve for alkoholholdig drikk lågare enn 22 volumprosent (gruppe 1 og 2) kan gjevast for eit avgrensa tidsrom. Hjartdal kommune skal ha to slike løyve. Eit slikt skjenkeløyve er knytt til eit bestemt lokale og eller uteplass med godkjend skjerming mot omgjevnaden. Dette må søkast om.

Søknaden må innehalde følgjande informasjon: kor arrangementet skal finne stad, dersom utandørs må plan og teikningar som viser avgrensing/avskjerming leggst ved, kven som er ansvarleg for arrangementet, bevillingsøkarers fødselsdato, arrangementets art, dato og tidspunkt for skjenking, kva det søkast bevilling til, antal forventa deltakarar på arrangementet, om arrangementet er et lukka eller ope selskap og om det vert teke betaling for alkoholvarene, enten ved sal, kuvertpris eller billett.

## Utandørs serveringsareal

Verksemda kan ha bevilling for dei same drikkevarer ute som inne. Området for skjenking skal vere særskilt avgrensa og godkjent av kommunen. Uteservering skal kunne føregå utan sjenanse for omgivnadene og utan fare for at det kan skje uhell. Det må føresetjast at politivedtektene blir overhaldt og at verksemda sikrar at retningsgivande støyverdiar overhaldast i forhold til omkringliggende busetnad.

Bevillingshavar har ansvar for å sørge for tilstrekkeleg vakthald.

## 3 SALS OG SKJENKETIDER

### Salstider

Sal av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald kan skje i tidsrommet:

Måndag - fredag kl 08.00-20.00

Laurdag/dagar før heilagdag kl 08.00-18.00

Sal og utlevering av drikk som nemnt i første ledd skal ikkje skje på søndag og heilagdag, 1. og 17. mai, og på valdagane for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedtatt ved lov, j.fr Alkoholova § 3-7. Elles gjeld alminnelege lover og føresegner for sal.

### Skjenketider

Skjenking av alkoholholdig drikk med lågare enn 22 volumprosent kan skje i tidsrommet 08.00-02.00.

Skjenking av alkoholholdig drikk med høgare enn 22 volumprosent kan skje i tidsrommet 13.00-02.00.

Dette gjeld òg ved slutta selskap.

Konsum må opphøre 30 minuttar etter at skjenketida er slutt.

Elles gjeld alminnelege lover og føresegner for skjenking.

## 4 SAKSHANDSAMING

Kommunestyret gjer dei viktigaste vedtaka etter Alkohollova, dvs vedtak om alkoholpolitiske retningslinjer og gje sals og skjenkeløyva for fireårsperioden. Kommunen vil før tildeling av løyve vurdere konseptet det vert søkt løyve for.

Krav som må være oppfylt for å få tildelt sals og skjenkebevilling:

- Styrer og stedfortreder må være fylt 20 år.
- Bevillingsinnehavar og personar som har vesentlig innflytelse på verksemda, må ha utvist uklanderleg vandel i forhold til alkoholovgivinga og bestemmelsar i anna lovgiving som har samanheng med Alkohollovas formål, samt skatte- og avgifts- og regnskapslovgivinga jfr. Alkohollova § 1-7 b.
- Styrer og stedfortreder må oppfylle krava ihht Alkohollova § 1-7c.
- Dokumentasjonskravet gjelder ikkje ved tildeling av ambulerande bevilling etter Alkohollova. § 4-5. Ved mindre arrangement, der det søkes om bevilling for en enkeltanledning kan også dokumentasjonskravet fråvikas jfr. Alkohollova § 1-6, 2. ledd.
- Skattar og avgifter skal være betalt for å oppretthalde bevillinga jfr. Alkohollova. §§ 3-2 og 4-3.
- Dokumenterte system i forhold til Krav om internkontroll jfr. Alkohollova. §§ 3-9 og 4-7 i forskrift om omsetning av alkohol.
- Før skjenkebevilling gjevast skal dagleg leiar/styrar ha bestått etablerarprøva etter Serveringslova § 5.

### Klage

Kommunens vedtak etter Alkohollova kan påklagast til fylkesmannen (§ 1-16). Klagefristen er tre veker (Forvaltningslova § 29).

### Avgjerdsmynde

Avgjerdsmynde i saker etter desse retningslinene kjem til ei kvar tid fram av kommunen sitt delegeringsreglement.

## 5 GEBYR FOR SALS OG SKJENKING

Alle løyvehavarar pliktar kvart år å gje oversyn over omsetnaden innan 1. mars påfølgjande år. Dette skal sendast **uoppfordra** frå løyvehavar til kommunen.

Avgifter for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk følgjer dei maksimale satsane i forskrifta, jfr. forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2 og alkohollova § 7-1. Gebyr for ambulerande bevilling følgjer dei maksimale satsane i forskrifta.

Avgiftene skal dekke utgiftene til kontrollarbeidet. Dersom det er midlar til overs, skal desse gå til førebyggjande tiltak for barn og ungdom.

## 6 KONTROLL OG REAKSJONAR PÅ BROTT

Kontrollordning er etablert i medhald av forskrift til alkohollova kap. 9.

Dersom skjenkestaden/utsalsstaden ikkje overheld gjeldande retningslinjer eller på annan måte bryter alkohollova, kan kommunen reagere ved åtvaring eller ved inndraging av bevillinga for kortare eller lengre periodar. Forvaltningslova sine reglar om saksbehandling skal følgjast.

Inndraginga baserer seg på de kontrollane som kommunen foretek, som politiet rapporterer eller som andre myndigheiter rapporterer om. Kontroller skal utførast på oppdrag av kommunen. Rapportar frå kommunal skjenkekontroll foreleggast utval for levekår og kultur som referatsaker.

Reaksjonar på brott på Alkohollova, forskrift, vilkår eller kommunens retningslinjer

Brott på regelverket for sal eller skjenking av alkoholhaldig drikk, eller anna regelverk som har samanheng med alkohollovas formål om alkoholomsetnad blir tatt opp med bakgrunn i rapporter frå sals og skjenkekontrollørar, lensmannen eller skriftlig klage frå andre. I sistnemnte tilfelle skal påstanden undersøkast av kontrollørar før tiltak blir iverksett.

Når det er avdekka brott på vilkår om alkoholomsetning, skal administrasjonen umiddelbart legge saken fram for aktuelt organ med forslag til reaksjonar. Jfr. for øvrig behandlingsreglene i alkoholloven og forvaltningsloven. Ved fastsetting av reaksjonsform skal vurderast:

- Type brott.
- Kor grovt brottet er i forhold til regelverket.
- I kva for ein grad bevillingshavar kan klandrast.
- Gjentakningar.
- Kva som er gjort for å rette på forholdet.

Følgjande reaksjonar skal kunne nyttast:

- Ved brott på lov, forskrift og/eller vilkår knytta til bevillinga sendes ordinært ei skriftleg åtvaring med henvisning til kontrollrapporten. Ved gjentatte brott, vurderast bevillingen inndratt for ein periode på 1 - 4 veker.
- Dersom det etter inndragast av bevillinga oppdagast nye overtredelser på dei generelle føresetnader, inndras bevillinga for inntil 3 månader. Ved ytterlegare overtredelser inndragast bevillinga for resten av bevillingsperioden.

Ved grove overtredelser som f. eks:

- Sal/skjenking til mindreårige.
- Sal/skjenking til openbart berusa personar.
- Sal/skjenking etter sals/skjenketidas slutt.
- Omsetning og bruk av narkotika.

Inndraging av bevilling vil i desse tilfelle kunne skje for et tidsrom på 1 - 4 veker utan føregåande skriftlig åtvaring. Dersom det etter inndraging av bevillinga skjer

ein tilsvarande grov overtredelse etter dette punkt inndragast bevillinga for ein periode på 3 månader. Ved ytterlegare overtredelser inndragast bevillinga for resten av bevillingsperioden.

Ved manglande innsending av omsetningsoppgåve for berekning av bevillingsgebyr eller ved manglande innbetaling av gebyret ved forfall og etter ordinær puring, kan bevillinga inndragast inntil omsetningsoppgåve er mottatt og/eller gebyr betalt. Bevillingshavar skal gjevast skriftlig varsel før bevillinga inndragast, jf forvaltningslovens bestemmelser.

Vandelskravet i alkohollova rører den enkelte skjenkestads bevillingshavar og andre sentrale personar. Med henvisning til alkohollovas § 1-8, 1. ledd, kan bevillinga inndragast dersom vilkåra i § 1-7b ikkje er oppfylt. Bevillinga vil kunne inndragast for ein periode frå 1 veke og til eit tidsrom som omfattar hele bevillingsperioden, avhengig av type overtredelse og overtredelsens grovleik.

Bevillingshavar skal gjevast skriftleg varsel før bevillinga inndragast, jf forvaltningslovas bestemmelser.

Spørsmål om inndraging av bevilling avgjerast av det organ kommunestyret har delegert avgjerda til.

## 7 EVALUERING OG RULLERING

Alkoholpolitiske retningsliner for Hjartdal kommune skal evaluerast fortløpande og rullerast ein gong i kvar kommunestyreperiode.